



# Årsplan del 2.1 «Ny i barnehagen»



**Vikalida barnehage**

**Ein god stad for leik og læring**

**Spiren til det gode liv**

## Innhald

Om oss .....	2
Basane .....	3
Kvífor natur- og friluftsbarnehage .....	4
Visjon .....	5
Pedagogisk plattform .....	5
Overordna målsetjingar i Vikalida barnehage .....	5
Progresjon.....	6
Korleis jobbar vi med fagområda .....	6
Tilvenjing .....	7
Kartlegging .....	9
Tryggt og godt barnehagemiljø.....	10
Dagsrytme.....	10
Praktisk informasjon.....	10

## Om oss

Vikalida barnehage opna 11. april 2007. Barnehagen har ein definert profil som er natur og friluftsliv. Barnehagen gjev tilbod om 2, 3, 4 og 5 dagar for aldersgruppa 1-6 år. Barnehagen er godkjend for 5 basar/avdelingar. Jord, eld, luft og vatn er viktige element i barnehagen sin profil. Basane i barnehagen har fått namn etter grunnelementa. Elementa viser og igjen i vårt uteområde, der vi mellom anna har laga til eit vassmiljø, ein kjøkkenhage og vi har ein eldplass.

Barnehagen er bygd som ein avdelingsfri barnehage. Barna har tilhørysle i ein base med fast personale, men kan fritt gå rundt på huset og leike der dei har lyst.

I tillegg til hovudbygget har barnehagen ein trelavvo som ein kan gå inn for å varme seg i på våte og kalde dagar Ein kan ete lunsj og fyre opp i eldstaden og det er som eit grovareal å rekne. Vi har òg ein gapahuk, der er det det ein vedfyrt bakaromn. 2010 fekk vi sett opp ei ny hytte, denne har blitt basen til Gloa.

Vi har ein trelavvo i skogen ovanfor barnehagen. Dette er ein naturleikeplass vi nyttar heile året. I lavvoen kan vi fyre i ein omn slik at vi kan gå i ly og få varmen i oss om det er kaldt eller vått i været.

Barnehagen ligg nær Stryn sentrum, men er godt skjerma frå trafikk og støy. Det er kort avstand til barneskule, vidaregåande skule, bibliotek, kulturhus, butikkar osv. Vi har skogen som nærmaste nabo og ligg nær fjorden og Vikaelva. Ved stadion er vi så heldige å ha eit naustmiljø som vi kan nytte oss av. Samt at like ved har speidarane laga ein gapahuk vi ofte nyttar. Frå naturleikeplassen på Sandbakk har vi kort veg til dagsturhytta og leikeplassar via stiane i skogen. På Sandbakk er det rastebord, gapahuk og eldstad. Alle desse miljøa med fleire, er våre rikaste kjelde til leik, utforskning og oppleving.

## Basane



Spiren er dei aller minste i barnehagen 1-2 år. Mange barn byrjar i barnehage ved 1-årsalderen. Barnet skal lære å ta avskjed med mor og far. Barnehagen har eigen tilvenjingsplan som personalet føl. Det er viktig med ein trygg og god start i barnehagen. I denne alderen opplever og erfarer barnet verda gjennom sansane og rørslene. Med ei trygg hamn utvidar dei horisonten sin steg for steg.



Virvelvind

2-3 åringar testar stadig dei vaksne sine grenser, samstundes lærer dei også at andre har kjensler. No kan barnet hjelpe til og får glede av å meistre fleire oppgåver ved matbordet. Utvikling av sjølvstendigheit og evna til å halde ut, knyt seg også til det å oppdage eigne evne og anlegg, og glede over å følgje eigne ønske og behov.



Dråpen

Aldersgruppa 3-4 år er prega av utforskning, nysgjerrigkeit og fantasi. Personlegdomen utviklar seg mykje, og ein ser stor framgang i dei fysiske ferdighetene. Kognitivt og sosialt er dette ei svært viktig tid for læring. Når barnet er frustrert, engstleg eller redd, er det viktig å møte barnet med tolmod, være tydeleg samstundes som ein tryggjar barnet.



**Gloa** Dette er dei nest eldste i barnehagen 4-5 år. Mykje av leiken i denne aldersgruppa er prega av tydelege leiketema og rollelek. Språkleg kompetanse er viktig for å utvikle leiken og leiketema. Det er i denne alderen abstrakt tenking byrjar å utvikle seg. Samstundes byrjar barnet å forstå at di verkelegheit er ulik barnet si verkelegheit. Dette er også ein viktig del av rolleleiken, der barne går ut av leiken for å skape regi og framdrift, for så å gå inn i leiken att (Døme: å so fere eg på jobben, og du skal sove).



**Gneisten**

Gneisten er dei eldste i barnehagen 5-6 år og har det siste året sitt i barnehagen. Her har vi eigen plan for overgang barnehage skule. Når ein går siste året i barnehage, er fokuset å bli mest mogleg sjølvstendig fram til skulestart. I samarbeid med dei to andre barnehagane i sentrum, har vi det siste halvåret eit besøksprogram, slik at barna skal få kjennskap til kvarandre før skulestart (Sjå eigen plan for overgang barnehage skule).

## Kvifor natur- og friluftsbarnehage

Natur- og friluftsbarnehagar sitt sær preg er at ein legg vekt på friluftsliv og bruk av naturen. Dette fører til at barna vanlegvis er meir utandørs enn i andre barnehagar. Heile året. Naturen er barnehagen sin viktigaste arena for leik og læring. Eit sentralt mål er at barna skal bli glad i naturen og utviklar eit ynskje om å ta vare på den. «*Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen*» (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Tanken er at alle deltek i naturen på eigne premiss, og at alle har behov for utfordringar. Ei aktiv vaksenrolle må til for å gi barna tillit, tryggleik og undring i naturen, der ein reflekterer saman med barna om korleis vi alle er avhengig av kvarandre og fokusere på alt vi kan gjere for å hjelpe naturen på ein positiv måte. I barnehagen held vi på med friluftsaktivitetar året rundt og i all slags vær. Vi har ein ide om at alle påfunn til sjuande og sist skal kunne gjerast med tanke på friluftsliv. Vi har eit uteområde som innfriar mottoet: "Ute kan vi gjere alt".

## Visjon

### «Vi vil så spiren til det gode liv»



VI: er personalet i Vikalida barnehage som vil gjere vårt for å bygge "vikjensla" i Vikalida barnehage

VIL: handle aktivt i forhold til samarbeid personalet imellom, i nært samarbeid med barn, foreldre og andre samarbeidspartnalar.

SA: Vi vil gje barnet det vi meiner er viktig for at akkurat det barnet skal få eit godt liv. Kvart barn er ulikt og har ulike behov, og treng difor ulik form for stimulering for å utvikle seg og bli den beste versjonen av seg sjølv.

SPIREN TIL DET GODE LIV: Personalet i Vikalida tenkjer at skal vi så spiren til det gode liv, så må vi gje barna grunnlaget for ein god barndom.

## Pedagogisk plattform



*Den brennande varden skal symbolisere at det å oppdra eit barn er ikkje å fylle eit kar, men å tenne ein eld.*

Skal vi bygge ein varde må vi bygge stødig. Vi byggjer stein på stein, der grunnarbeidet er viktig.

Varden er symbolet vårt for dei verdiane vi meiner er viktig å legge vekt på i vår kvardag. Innhaldet i årsplanen og måten personalet i barnehagen arbeider på skal spegle vår visjon og våre verdiar.

## Overordna målsetjingar i Vikalida barnehage

Vikalida barnehage skal være ein brukarvennleg barnehage, der brukarane er i fokus. Vi vil legge vekt på god service og fleksibilitet.

Vi som arbeider i Vikalida barnehage er opptatt av at de som foreldre skal vere fornøgte med tilbodet her. Målet vårt er at barna skal trivast og utviklast i barnehagen. Vi ønskjer også at tilbodet skal vere tilpassa dei behov og forventningar som de har. Alle tilbakemeldingar frå dykk foreldre er viktige for at vi skal få dette til! Vi arbeider kontinuerleg med å forbetra og utvikla den daglege verksemda. Som omfattar alt frå kontakt, innsats, innhald og opplegg til opningstider.

Tilsette og foreldre må som kjent arbeide saman for at barna skal utvikle seg til glade, harmoniske og sjølvstendige menneske, menneske som får lyst på livet. Vi ynskjer å yte god service ved å gje god informasjon i rett tid til foreldra om barnehagen, barna, innhaldet osv. Personalelet skal vere lojale, hjelsame, truverdige, pålitelege og vere positive og ha godt humør.

Vi ynskjer å utvikle ein fleksibel barnehage som har stor evne til nytenking og omstilling med tanke på nye og endra oppgåver. Dette i nært samarbeid med barn, heim og lokalmiljø. Dersom vi skal nå desse måla, vil det krevje at vi har ei leiing og eit personale som er fagleg godt kvalifiserte med fridom til kreativitet og initiativ til å utvikle barnehagen etter oppsette mål.

Vi vil prøve å sikre brukarar og personale gode arbeidsvilkår. Vi vil legge til rette for personleg og fagleg utvikling gjennom opplæring/vidareutdanning for vårt personale. Personalelet skal fullt ut kjenne sitt arbeids- og ansvarsområde og derfor raskt kunne ordne opp ved telefonar eller om ein tek kontakt som foreldre eller andre. Vi må syte for at Vikalida barnehage har ein god bedriftskultur ved å skape gode haldningar til barnehagen, til Stryn kommune som organisasjon, politikarane og kollegaer.

## Progresjon

Kwart barn er unikt, men det alle har til felles er at ein skal utvikle seg til å bli gagns menneske. Alle barn fyl ei utviklingstrapp, men alle går ikkje i same tempo. Difor er det viktig at personalelet ser kvart enkelt barn, og gjev dei den støtta dei treng for å gå det neste trinnet i utviklingstrappa si. Dette kallar vi ein tilpassa progresjon. I vår barnehage legg vi vekt på å oppdage, følgje opp og utvide det barnet allereie er opptatt av. Observasjon er viktig for å kjenne igjen kva barnet har behov for, og korleis legg til rette for ei god utvikling. Progresjon handlar og om at personalelet skal introdusere nye perspektiv og legge til rette for nye opplevingar og erfaringar.

## Korleis jobbar vi med fagområda

*“Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen”, (Rammeplanen, s.47, 2017).*

### Rammeplan for barnehagen

For oss betyr dette at vi i all planlegging må sjå fagområda i samanheng og at vi ser dette i forhold til korleis vi legg til rette for barna sin progresjon og utvikling.

## Tilvenjing

Når barnet ditt byrjar i barnehagen er det ofte fyrste gongen de let andre overta delar av omsorga og ansvaret for barnet ditt. Det er svært viktig at de kjenner dykk trygge på at den avgjerala de har teke er rett, og at barnet vil få det godt i barnehagen. Om barnet og familien skal trivast i barnehagen, vil i stor grad vere avhengig av om barnehagen løyser denne oppgåva på ein god måte.

Det er fint om ein kan kome på besøk i barnehagen å leike og bli litt kjend på førehand. Ta gjerne kontakt og avtal tid.



I tilvenjinga nyttar vi modellen Circle of Security, på norsk tryggleikssirkelen. Dette er eit verktøy vi kan bruke for å forstå og møte barna sine behov. Tryggleikssirkelen er ein visuell sirkel, der den vaksne er den trygge og sikre hamna. Når barnet er utforskande, bevegar det seg ut frå den trygge hamna, barnet er då oppe i sirkelen. Barnet er framleis avhengig av oss vaksne i form av psykisk støtte, fysisk hjelp ved behov og at ein gleda seg saman med barnet. Når barnet er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøyst, godheit og hjelp til å organisere kjenslene sine

Engelsk: <https://www.circleofsecurityinternational.com/circle-of-security-model/what-is-the-circle-of-security/>

Norsk: [https://www.youtube.com/watch?v=UNDd-Wx\\_p4M](https://www.youtube.com/watch?v=UNDd-Wx_p4M)

## Dette gjer barnehagen for at tilvenninga skal bli best mogeleg

Vi har foreldresamtale før barnet startar i barnehagen. Dette for at barnehagen skal få vite litt meir om det enkelte barn og at foreldra kan få spørje om ting som ein lurer på. På dette møtet blir tilvenninga for kvart enkelt barn planlagt.

Når barnet startar i barnehagen får barnet ein primærkontakt. I barnehagen er det mange å forholda seg til både vaksne og barn, og det er difor viktig at ein kan bli kjend og trygg på ein person først. Primærkontakta blir då barnet sitt og foreldra sin "guide" og trygge base i barnehagen i starten og i tida framover.

Det er viktig at det barnet som skal byrja i barnehagen kjem til barnehagen åleine i lag med mor eller far. Det er det barnet som skal ha fokus desse dagane (unngå å ta med eldre eller mindre søsken som ikkje skal gå i barnehagen).

Primærkontakt er som namnet seier den første barnet knyter seg til i barnehagen. Denne personen skal i startfasen som hovudregel alltid vere i barnehagen når barnet

kjem. Primærkontakta skal hjelpe barnet ved matbordet, skifte bleie og legge barnet når de skal sove.

Det er stor skilnad på tilvenninga frå barn til barn. Nokre barn finn seg fort til rette, medan andre treng lenger tid. Men uansett er det ein del viktige ting som ein må gjere/hugse på uansett korleis barnet er.

Sett av god tid til tilvenning. Barnehagen tilrår at ein brukar minimum 3 dagar på tilvenninga.

Ein av foreldra skal vere i barnehagen heile den første dagen barnet er i barnehagen. Barnet kan då bli trygg i barnehagen med den vaksne og i miljøet, før mor eller far går. Det er også viktig for deg som foreldre at du ser at barnet ditt er blitt trygg på den vaksne i barnehagen.

Når du som foreldre er i barnehagen den første dagen i barnehagen er det lurt at det er barnet som går frå deg og ikkje omvendt. Dersom du vandrar rundt vil barnet bli meir oppteken av deg og kvar du er enn å bli kjend i miljøet. Når du skal noko, fortel barnet kvar du går.

Den vaksne i barnehagen vil etterkvart ta meir og meir over samværet med barnet ditt og du vil sjå korleis dette fungerer.

Når du skal gå frå barnet ditt første gongen er det viktig at du føler deg trygg på at barnet ditt har det bra.

Når du har bestemt deg for å gå er det viktig at du går når du har sagt det. Gje barnet ein klem og sei at no skal du gå, men at du kjem snart igjen. Sjølv om barnet ditt begynner å gråte må du likevel gå. Det er betre at du då kjem inn igjen etter ein ½ time enn at du snur og kjem inn igjen.

Du skal alltid seie hadet til barnet når du går frå barnehagen. Dersom du «snik» deg vekk medan barnet leikar seg vil dette kunne gjere barnet utrygt.

Ein viktig ting å hugse på at du ikkje spør barnet om du kan få gå, men at dette er ei slutning du tek i samarbeid med dei vaksne i barnehagen. Du må gjerne snakke med barnet om at du skal gå, men når du først har bestemt deg må du halde fast på det. Før eller seinare må du gå, og då har ikkje barnet noko val.

Små barn har ikkje forhold til klokkeslett. Det kan vere lurt å knytte tida til rutinar gjennom dagen slik som måltid, samling, kvile eller uteleiken. Eksempel: «Eg kjem og hentar deg etter maten», eller «etter at du har sove» og liknande. Dess mindre barnet er dess mindre skjønar barnet av omgrep tid. Små barn må lære av erfaring, barnet må sjå at mor eller far går og at de kjem igjen. Det er f.eks. ikkje

uvanleg at eit lite barn ikkje reagerer dei første gongane du går frå barnet, men at barnet byrjar å gråte på eit seinare tidspunkt i tilvenningsperioden. Barnet har då erfart og lært at du går og det er heilt naturleg at barn reagerer når far eller mor går.

Avtaler som er gjort om henting av barnet må alltid haldast.

Fyrste gongen du går frå barnet ditt er det lurt at du ikkje er så lenge vekke frå barnet ditt. Det er fint om barnet får litt kortare dagar den første tida i barnehagen.

Sjølv om tilvenninga ser ut til å gå som "smurt" den første tida, bør likevel foreldra vere til stades. Ein kan få reaksjonar seinare, og det er lettare å førebygge enn å ta det i ettertid.

Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt. Når du kjem i barnehagen på tilvenning vil du sjå, høre og oppfatte ulike ting. Det er viktig at du tenkjer over at du har ei etisk plikt til å teie om det du ser og hører som vedkjem andre barn og foreldre.

Snakk mykje om barnehagen når de kjem heim: Spør kva dei leika med og om barnet huskar nokre namn på barn eller personale

Vi opplever at foreldra er flinke til å fylgje opp barna i barnehagen. Vi ynskjer at foreldra skal engasjere seg i korleis barna har det og vi vil gjerne ha tilbakemeldingar på kva de synest. Det er du som kjenner barnet ditt best og vi er avhengig av eit godt samarbeid for å gje eit godt tilbod til barnet.

<https://www.youtube.com/watch?v=PN8R4f9QVpQ>

## Kartlegging

I vår barnehage nyttar vi kartleggingsskjemaet "Alle Med". Alle Med skjemaet er eit verktøy for å gi eit heilskapleg bilet av barnet og det barnet meistrar.

Kartleggingsskjemaet er eit viktig utgangspunkt for foreldresamarbeidet og ev. Samarbeid med andre fagfolk. Det er og eit verktøy for å auke medvitet om det pedagogiske tilbodet vi gjev til barna.

Kartlegginga tek føre seg barnet si språkutvikling, sosioemosjonelle utvikling, leikeutvikling, trivsel, kvardagsaktivitetar og sansing og motorikk. I mappa til kvart enkelt barn ligg det eit samtykkeskjema som de foreldre har godkjend om vi kan få nytte kartleggingsskjema, vi anbefaler at de gjev samtykke sidan det berre er til for å hjelpe barna dykkar så tidleg som mogleg om det trengs.

## Trygt og godt barnehagemiljø

I vår barnehage jobbar vi aktivt for at barnet ditt skal ha det trygt og godt. Her er det viktig at vi i barnehagen og de som foreldre har eit godt samarbeid. Er de bekymra for barnet dykkar, snakk med oss i barnehagen, så finn vi saman gode løysingar og tiltak som hjelper barnet.

## Dagsrytme

Barnehagen si opningstid kl. 07.30- 16.30

Frukost kl. 07.30 – 08.30 Alle som skal ete frukost i barnehagen må kome innan kl. 08.30.

Lunsj kl. 11-12. Barnehagen serverar 4 måltid med brød og eit varmt måltid i veka til lunsj.

Fruktmåltid kl. 14-14.30. Barnehagen kjøper inn frukt, og barna kan ete restar frå matboksen.

Kjernetida til barnehagen: kl. 09.00 – 15.00 det er fint om barna kan kome innan kl. 09.00, for det er då vi har samling og startar å fordele oss i ulike aktivitetar.

Barnehagen stenger kl. 16.30 Når barnet blir henta må de hjelpe barnet til å rydde litt leiker før de reiser frå barnehagen. Er barnet 1 år ryddar de ein leke, 4 år ryddar 4 leikar osv..

## Praktisk informasjon

- **Kommunikasjonsplattform:** Vi nyttar Vigilo. Dette er ein app som de lastar ned på telefonen. I Vigilo er alle barn registrerte der vi sjekkar barna inn og ut. Kontakt med dykk foreldre som beskjedar osv. Nærare info i oppstartsamtale i tilvenjinga.
- **Barnehageruta sjå:** <https://stryn.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/>
- **Pedagogisk Grunnplan:** <https://stryn.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/lover-forskrifter-og-vedtekter/>
- **Vedtekter:** <https://stryn.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/lover-forskrifter-og-vedtekter/>
- **Utvida opningstid:** Det er høve til å søke skriftleg om utvida opningstid frå kl. 07.00/ 07.15 om morgen, eller 16.45 på ettermiddag. Dette om begge foreldra har arbeidstid som er vanskeleg å rekke i den ordinære opningstida til barnehagen. Dette skal kome fram i søknaden.

- **Ved for sein henting:** Det vert fakturert indeks regulert bot, ved for sein henting 1-4 gongar. Over 4 gongar må ein dekke lønnskostnadane til den/dei tilsette som er att med barnet.
- **Barnet sin bursdag:** I barnehagen markerer vi barnet sin bursdag med å henge opp flagg, sende opp fiktive rakettar og barnet får dele ut salte kjeksfiskar etter barnet sin alder.
- **Mat og måltid:** Vi føl anbefalingane frå helsedirektoratet.  
<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/folkehelse/nasjonal-fagleg-retningsline-for-mat-og-maltid-i-barnehagen/>
- **Søvn og kvile i barnehagen:** Når barnet skal sove i barnehagen, må dei ha ei vogn og ein vognpose. Dei som brukar smokk må sørge for å ha det med eller ha ein liggande i barnehagen. Barnasov i vognstall.
- **Kle i barnehagen:** Merk kleda godt og sjå til at barnet har rikeleg med skift og hald orden i garderoben til barnet ditt. Sjekk at regnkle og parkdressar er heile og med strikk under skoen. Sørg for at barna har gode sko til alle årstider. Ta med skitne og våte kle heim for vask og tørk. Heng skoa til barna opp på skoknaggane før de går heim. Tips til kle og sko i barnehagen sjå velkomstbrev.
- **Er barnet sjuk:** Vi føl FHI sine anbefalingar.  
<https://www.fhi.no/sm/barnehage/>
- **Parkeringsplassen** For å ikkje skape kaos og farlege situasjonar i bringe- og hentesituasjonen, rygg inn i og parker bilen i oppmerka parkeringsplassar. Unngå å parkere langsmed gjerdet og muren, dette for å unngå skader på eigen bil.